


Fv44, Bogsnes, Husnes Kvinnherad Kommune



GNR. BNR. 144/37 med fl. i Kvinnherad Kommune.
Regplan-ID: 20110009 og 19850003

Teknisk plan for nye Gang- og sykkelveg samt ny vassleidning
langs fylkesvegen

Utarbeidet: 13.07.2015

I samband med utbygging skal det etter krav i VA-norm for Kvinnherad Kommune utarbeidast teknisk plan for VA-anlegga. I tillegg skal teknisk plan avklare tekniske løysingar for mulig ny gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.

1. INFORMASJON OM TILTAKET OG BAKGRUNNEN FOR DETTE

1.1. Generell informasjon om prosjektet og bakgrunn for dette

Prosjektet omfattar nye vassleidning langs Fv44 frå kryss med kommunal veg til industriområde på Bogsnes og Bogsnesvegen som vist på vedlagt teikning B1. Dette gjeld Fv44, Hp 1, Km 2350 til Km 2590 ein strekning på 240 meter. Eksisterande fylkesveg har varierende vertikalkurvatur, horisontalkurvatur og er utan gan- og sykkelveg. Kvinnherad Kommune har fått tilsegn frå fylkeskommunen om trafikkisikringsmidlar slik at ein kan etablere gang- og sykkelveg på denne strekninga. Det er usikkert om det er gitt tilsegn om tilstrekkeleg med midlar. Strekninga er utan eksisterande VA-anlegg. Det førelegg idear om utvikling av industriområde frå industri / næring til bustad. Vert desse planane gjennomført må ein få frå ny vassleidning til område som aukar vassforsyninga. Ein vassleidning på denne strekninga av fylkesvegen vil og kunne vere første del av ein ny ringleidning. Det er ikkje satt av midlar til omlegging av sjølve fylkesvegen, bare gang- og sykkelvegen.

1.2. Skildring av området og eksisterande tekniske anlegg i området

Planområde er i dag skogsterreng på begge sider av fylkesvegen. Det er avgjørsele til eksisterande bustader ved Kommunal veg, Bogsnesvegen og Privat veg til bustader ved Såtura. I tillegg har Kvinnherad Energi ein transformator i krysset ved Bogsnesvegen.

1.1. Planstatus i området og forhold til grunneigarar

Ny trase for fylkesveg med gang- og sykkelveg er regulert i reguleringsplan med Plan ID 20110009 (Vedtatt i kommunestyret 20.12.2012. Det same er områda på venstre side av fylkesvegen (sett frå kryss med kommunal veg til industriområdet). Områda på høgre side av fylkesvegen er regulert i reguleringsplan med Plan ID 19850003. Områda på venstre side av vegen er eigd av Kvinnherad Kommune og regulert til bustad samt bustad/næring. Områda på høgre side av vegen er privat eigd areal og regulert til parkbelte i den gamle planen. Ei utvikling av industriområde vil nokk føre til omregulering av område frå næring til bustad.

Kvinnherad Kommune er grunneigar for område der ein ynskjer å etablere gang- og sykkelveg.

2. PLAN FOR NYE ANLEGG OG MULIG FRAMTIDIG VIDARE UTBYGGING

2.1. VA-anlegg

Det er ikkje aktuelt å legge ny spillvassleidning, eller overvassleidning langs fylkesvegen. Eventuelt nye bustader innanfor eksisterande industriområde vil få ei løysing med spillvatn ned mot framtidig trykkum / pumpestasjon i Røsslandsvika. Nye bustader / næringsbygg på eigedom til Kvinnherad Kommune (innanfor Plan ID 20110009) vil naturleg få ein avlaupsløysing mot nord og eksisterande pumpestasjon ved eigedom 144/37. Det vil vere aktuelt å etablere stikkrenner under GS-vegen for å ivareta eksisterande bekkeløp. Overvatn frå industriområde vert ført vidare mot Røsslandsvika og overvatn frå nytt bustadområde på eigedom 144/37 vert ført nordover, over fylkesvegen og ut i sjø ved Bogsnesvågen.

Det er aktuelt å legge ny vassleidning på strekningen. Det er i dag ein 160 mm PVC vassleidning fram til krysset med Bogsnesvegen og det går ein 90 mm vassleidning utover mot industriområdet. Det ligg ein 225 mm PVC vassleidning fram til eksisterande pumpestasjon på eigedom 144/37 ved Bogsnesvågen. Ved utvikling av eksisterande næringsområde til nytt bustadområde må vassforsyninga i område styrkjast. Ein ny vassleidning langs fylkesvegen frå krysset med Bogsnesvegen vil vere ein del av ei slik styrking. I tillegg vil

ein ny vassleidning her vere ein del av ein ny ringleidning fram til eksisterande pumpestasjon ved eigedom 144/37. Ein ynskjer å legge ny vassleidning som 180 mm PE100 SDR11 leidning. Sjå vedlagt teikning H1.

2.2. Gang- og sykkelveg

Eksisterande fylkesveg er utan gang- og sykkelveg. I vedteken reguleringsplan er horisontalkurvaturen til fylkesvegen endra noko slik at trase for ny gang- og sykkelveg på ein kortare strekning er lagt inn i eksisterande fylkesveg. Prosjektet har ikkje midlar til omlegging av fylkesvegen. Ein må difor på denne strekninga etablere midlertidig gang- og sykkelveg inn på areal satt av til bustad og bustad/næring fram til sjølve fylkesvegen blir lagt om i tråd med eksisterande plan. Sjå vedlagt teikning C1.

3. INFORMASJON OM PLANLAGTE ANLEGG.

3.1. Skildring av terrenginngrep

Anlegga vil få mindre inngrep i terrenget. Terrenget langs eksisterande fylkesveg er om lag i same høgde som eksisterande veg. Det vert noko inngrep i terrenget med skjering mot eksisterande terreng.

3.2. Val av røyr/leidningstypar, kvalitet og dimensjonar

Det er gjort følgjande val av røyrtypar med dimensjonar.

- Vassleidning 180 mm PE SDR11
- Overvassleidning (stikkrenner) 400 mm DVO (utvendig diameter)

3.3. Val av kummerplassering for vatn, avlaup og overvatn.

Ein vil få behov for to vasskummar. Ein ved kryss med Bogsnesvegen og ein i kryss med veg til næringsområde. Sjå eigne detaljkummar.

4. LENGDEPROFIL OG TILPASSING TIL TERRENG OG VEG:

4.1. Informasjon om terrenghøgder og djupne på nytt VA-anlegg

Sjå vedlagt lengdeprofil. Det er variasjonar i djupne på grøfter. På det meste er grøft 2,5 meter djup.

5. ANSVAR:

5.1. Oversikt over behov for grunnattalar knytt til det kommunale VA-anlegget

Det er ikkje behov for grunnattalar då ny vassleidning vert lagt i ny kommunal gang- og sykkelveg. Trase for ny gang- og sykkelveg vert bygd på kommunal grunn

5.2. Avvik frå gjeldande Kommunalteknisk VA-norm.

Ein legg ikkje opp til behov for avvik frå gjeldande VA-Norm.

6. KOSTNADER:

Det er vurdert følgende kostnader for prosjektet (eks. mva):

6.1. Ny vassleiding:

Aktivitet	Mengde	Enhetspris	Kostnad
Grunnarbeid	210 meter grøft	1.200,-	250.000,-
180 mm PE100 SDR11 leiding	210 meter	350,-	75.000,-
Vasskummer	2 stk.	75.000,-	150.000,-
Sluttdokumentasjon	RS	40.000,-	40.000,-
Rigg og drift	RS	10 % av sum ovanfor	50.000,-
Uforutsett	RS	5 % av sum ovanfor	30.000,-
Sum		2.800 kr/meter grøft	600.000,-

6.2. Ny GS-Veg

Aktivitet	Mengde	Enhetspris	Kostnad
Grunnarbeid, skogrydding, sprenging og masseflytting	1350 kvm (6 meters bredde på anleggsområde)	350,-	470.000,-
Planering og asfaltering	660 kvm (2,5 meters bredde på GS-veg)	250,-	170.000,-
Etablering av midtrabatt.	330 kvm (1,5 meters bredde på midtrabatt)	100,-	35.000,-
Stikkrenner	3 stk.	40.000,-	40.000,-
Sluttdokumentasjon	RS	25.000,-	25.000,-
Rigg og drift	RS	5 % av sum ovanfor	50.000,-
Uforutsett	RS	7,5 % av sum ovanfor	50.000,-
Sum		3.800 kr/meter veg	840.000,-